

Velkommen til Dale vidaregåande skule!

Skulestart er torsdag 15. august 2024. Du møter ved hovudinngangen på Dale vgs kl. 08.55. Skulebussane tek til å gå denne dagen, så du reiser gratis med vanleg skuleskyss frå heimstaden din til Dale.

Skuledagen startar kl. 08.55. Måndag, tysdag, torsdag og fredag sluttar skulen kl. 15.10, onsdag går siste time til kl. 15.20. Skulebussen går frå skulen kl. 15.20 kvar dag. Dersom du har problem med å komme deg heim, ber vi om at du gir beskjed på kontoret så fort som råd.

Skulebøker får du låne på skulen. Vestland fylkeskommune har ei ordning med gratis lærebøker. Du får utdelt dei bøkene du skal ha, og leverer dei inn att på slutten av skuleåret: [Her signerer du ei utlånsavtale med skulen.](#)

Skal du begynne på **Vg1** (første året), har du tilbod om å kjøpe **berbar PC**. Sjå heimesida til fylkeskommunen: [Her kan du bestille PC.](#)

Du kan bruke eigen berbar PC viss du har. På fleire utdanningsprogram blir det brukt programvare som berre fungerer med Windows. For dei fleste er derfor PC eit betre alternativ enn Mac.

Skulen ynskjer å bruke bilete av elevar i faglege/sosiale samanhengar på heimeside og i sosiale medium. [Her kan du samtykke til at skulen kan bruke bilete av deg i slike samanhengar.](#) OBS! Ikkje-myndige elevar må samtykke **før** foreldra gir sitt samtykke.

Foreldremøte Vg1: Onsdag 28. august klokka 17.30 - 19.30 for alle føresette som har førsteårselevar på skulen. Som elev treng du ikkje vere med på dette møtet.

Skuleskyss: Du søkjer om skuleskyss via <https://skuleskyss.vlfk.no>.

Du får skuleskysskortet ditt på Skyss Billett-appen i staden for fysisk kort.

Lånekassa: Alle elevar får eit utstyrsstipend. Logg deg inn og søk om stipend og lån her: www.vigo.no. Stipend/lån kan då vere klart til skulestart.

Hugs å svare på om du tek imot skuleplassen du har fått! Svar med SMS eller i Vigo.

Meir aktuell informasjon, td. skuleruta, finn du på **heimesida til Dale vgs:** www.dale.vgs.no

Dersom du har spørsmål, kan du kontakte skulen, tlf. 57637000.

Vel møtt!

Dale vidaregåande skule, juni 2024
Gro Fivelsdal
Rektor